

# Klage på vurdering

Elevar kan klage på alle karakterar som skal førast på vitnemålet, det vil seie standpunktkarakterar, orden- og åtferdskarakterar og eksamenskarakterar.

Elevar kan klage på alle karakterar som skal førast på vitnemålet, det vil seie standpunktkarakterar, orden- og åtferdskarakterar og eksamenskarakterar.

Gå rett til

- [skriftleg eksamen \(sentral- og lokalgitt\)](#)
- [munnleg, munnleg-praktisk og praktisk eksamen / standpunktvurdering / vedtak om ikkje gitt standpunktvurdering](#)
- [privatisteksamen](#)

## Klagefrist

Det er ti dagar klagefrist på standpunktkarakter og eksamenskarakterar. Fristen vert rekna frå det tidspunktet du er blitt kjend med eller burde gjort deg kjend med karakteren.

## Ny eksamen

Viss karakteren blir uendra og du ikkje er nøgd med den, kan du ta melde deg opp i faget som privatist. Dette gjer du på [PrivatistWeb](#).

## Regelverk

Detaljar i regelverket om klage på vurdering finn du i forskrifta til opplæringslova: [Kap. 5 Klage på vurdering](#)

## Skriftleg eksamen (sentral- og lokalgitt)

### Kva kan du klage på?

På skriftleg eksamen kan du klage på både faglege og formelle feil. Ved klage på skriftleg eksamen, treng du ikkje grunngi klagen.

### Før du klagar

Viss du vurderer å klage, kan du først be faglærer om å vurdere karaktersettinga.

### Korleis klagar du?

Ved klage på skriftleg eksamen nyttar du [skjema for klage på vurdering](#). Klagen skal sendast på e-post eller per post til skulen v/ rektor.

Det finst ei hurtigklageordning for avgangselevar. Ordninga gjer at avgjerda kjem tidleg nok til at vitnemålet rekk å bli retta opp med eventuelt ny karakter før universitet og høgskular hentar opp vitnemålet elektronisk. Detaljert informasjon om hurtigklagefrist får du ved å ta kontakt med kontoret på eige skule.

## **Kven handsamar klagen?**

Klageinstansen for vurdering av skriftleg sentralt gitt eksamen med sentral sensur i vidaregåande opplæring er ei klagenemnd som vert oppnemnd av Fylkesmannen.

Klageinstansen for vurdering av skriftleg lokalt gitt eksamen i vidaregåande opplæring er ei klagenemnd som vert oppnemnd av fylkeskommunen etter retningslinjer frå Fylkesmannen.

## **Klageresultat**

Klagenemnda skal avgjere om karakteren ved ordinær sensur er urimeleg. Dersom nemnda meiner det, vil dei setje ny karakter som er betre eller dårlegare. Nemnda vil gi ei skriftleg grunngiving for klageresultatet.

## **Standpunktvurdering / vedtak om ikkje gitt standpunktvurdering / munnleg, munnleg-praktisk og praktisk eksamen**

### **Kva kan du klage på?**

Alle ikkje-skriftlege eksamenar for elevar er avlyst våren 2021. Klage på denne typen eksamen er difor ikkje aktuelt.

For meir informasjon om klage på standpunktkarakter og karakter i orden og åtferd, gå vidare til nettsida [vestlandfylke.no/standpunkt](https://www.vestlandfylke.no/standpunkt)

## **Privatist**

For klage på privatisteksamen, gå vidare til nettsida [vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/privatist/klage-pa-eksamen/](https://www.vestlandfylke.no/utdanning-og-karriere/privatist/klage-pa-eksamen/)

## **Kontakt**

Rektor på skulen.

## **Relaterte lenker**

[Klage på standpunktkarakter og karakter i orden og åtferd](#)